



Pressemelding

STATSMINISTERENS KONTOR

Statssekretær Øystein Singsaas
Informasjonssjef Øivind Østang
Postboks 8001 Dep, 0030 OSLO

Telefon ktr.: 22 34 40 06
Telefon ktr.: 22 34 40 37
Telefaks: 22 34 95 00

Telefon priv. : 22 28 68 80
Telefon priv. : 22 22 28 01

SPERREFRIST: Ingen

DATO: 25. august 1995

**PRIV.TIL RED.:
STATSMINISTERENS
PROGRAM FRAMOVER**

Laurdag 26. august frå ca. kl. 11.15 er statsministeren med på valkamparrangement i Storgata i Gjøvik. Frå kl. 14.30 deltek ho i "Årets Budeie"-festen i Lienden setergrend på Øyerfjellet i Gudbrandsdalen. For detaljar i programmet viser vi til Einar Odden på Lillehammer - telefon 61 25 50 00.

Tysdag 29. august vitjar statsministeren Sande, Lardal, Sandefjord og Holmestrand i Vestfold.

Kl. 09.00 vert statsministeren orientert om utbygginga av E-18 og ny jernbanetrasé, på Bergsenga anleggsområde i Sande. Kl. 09.30 vitjar ho Sande Paper Mill A/S.

Kl. 11.30 kjem statsministeren til Kjerrafiske i Lardal, der ho er med på piknik og laksefiske ved Lågen, saman med ordførarkandidat Dagfinn Gjerden. Det vert og orientering om miljøvern og friluftsliv.

Kl. 14.30 er statsministeren med på valkamparrangement på Hvaltorget i Sandefjord, saman med ordførarkandidat Håkon Andersen.

Kl. 18.30 deltek statsministeren i folkemøte ved Biorama i Holmestrand, saman med ordførarkandidat Arild Øynes.

Vestfold Arbeiderparti set opp pressebuss for vitjinga i fylket, av di det elles kan vere vanskeleg å finne fram i tide. Bussen går frå Sande rådhus kl. 08.30, og vil kome fram føre statsministeren til dei ulike stadene. Påmelding på telefon 33 31 14 48 eller telefaks 33 31 58 46.